



Care Supporter

Dato: 07.09.2016
Vår ref.: 2015/8272-13
Saksbehandlar: biraase
Dykkar ref.:

Svar på søknad CAREs 25 års jubileum

Viser til dykkar søknad datert 29.08.2016.

Fylkesutvalet vedtok i 2013 at førespurnadar om økonomisk stønad og/eller medverknad til ulike føremål, aktivitetar og arrangement, som ikkje fell innanfor dei etablerte tilskotsordningane i Hordaland fylkeskommune, skal behandlast administrativt.

Eit hovudkriterium for slik stønad/medverknad er at føremålet kjem hordalandssamfunnet til gode og ligg innanfor kjerneområda for fylkeskommunen si verksemd.

Hordaland fylkeskommune anerkjenner at organisasjonen CARE gjer eit viktig arbeid for mange menneske som har de vanskeleg i verda. Imidlertid fell ikkje dette føremålet inn under våre vedtekne kriteria, og vi må derfor avslå søknaden dykkar.

Vi ønskjer CARE tillukke med 25års-jubileet, og lukke til med vidare godt arbeid.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Birte Markeseth Aasen
stabsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.